

Brudeparet

*Jenny Ulla og Ola Strømme
25. april 1909*

Tone: At far min kunne gjera

Han Ola var krigar
og stod seg som ein mann;
men då han møtte Jenny,
han bukka under, han.
Han slepte sine våpen,
hans bringa vart so blaut,
og krigarhjarta smelta
som smør i varme graut.

Han einsleg gjekk som Adam,
og sukka etter liv,
då såg han henne Jenny,
ho var hans sideriv.
Åja, tvo fagra augo
dei rana all hans ro.
So fall han utan sverdslag
radt liksom Jeriko.

No er dei komne saman,
no eig dei hjartefamn -
åja, no er dei glade,
no hev dei funne hamn!
No sit han her, han Ola,
kvar tonna i han lær,
og Jenny skin som sola.
Eit gasta par dei er.

Og dermed vil me ynskje,
at "Gud han er attåt",
han som kan stormen stilla
og havet um vår båt!
Byd Herren inn i huset
med livsens brød og ord,
då kann de trygge setja
fot under eige bord!

Tekst: Anders Hovden